

KONFIRMANT* 2026



DEN NORSKE KYRKJA
i Vindafjord

Velkomen som konfirmant i Ølen og Bjoa kyrkjelyd!

Det er berre eitt år til ein høgtideleg dag i livet ditt.

Ei viktig tid - eit viktig val

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye vener!

I konfirmanttida er det tid og rom for å undra seg og stilla spørsmål.

Ei tid for å læra meir om Gud, om deg sjølv og om den kristne trua.

Kyrkja i Ølen og Bjoa ønskjer å gi eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar. Du finn meir informasjon om vårt opplegg for konfirmasjonstida på andre sida av arket.

Det blir nokre fellessamlingar med alle konfirmantane i Vindafjord, og ei samling der også konfirmantane frå Etne er med. I tillegg blir det samlingar berre for Ølen og Bjoa,- av og til også i mindre grupper.

Me samlast vanlegvis på Kyrkjetunet eller i kyrkja i Ølen. Nokre samlingar blir andre stader. Deltaking på gudstenester blir hovudsakleg i eigen kyrkjelyd. Konfirmantåret inneheld deltaking på 8 gudstenester, inkludert sjølve konfirmasjonen.

Ei konfirmanttid for alle

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengs individuell tilrettelegging så sei frå til oss så snart som mogeleg, anten på skjemaet eller på telefon/e-post. For at me skal kunna finna dei beste løysingane for deg er det viktig at me får beskjed i god tid.

Eg er ikkje døypt – kan eg konfirmerast?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er likevel ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønsgudstenesta. Det er vanleg at konfirmantar blir døypte i løpet av konfirmanttida i Vindafjord. Som regel skjer dette i samband med ei gudsteneste, anten i sjølve gudstenesta eller som ein privat seremoni rett etterpå.

Om du høyrer til eit anna kyrkjesamfunn enn Den Norske Kyrkja kan du også ta del i konfirmantopplegget hos oss. Du treng ikkje bli døypt ein gong til om du er døypt i ei anna kyrkje.

Sjå også nettsidene www.konfirmant.no for meir generell informasjon om konfirmasjonstida + nokre filmsnuttar på TikTok (#konfirmantene)

- **For MEIR INFORMASJON OG INNSKRIVING TIL KONFIRMANTTIDA inviterer me deg og dine føresette til ei samling for meir informasjon og ein liten smakebit på kva du har i vente.**
- **Tid og stad:**
Ølen kyrkje tysdag 10. juni kl.17.00 – 18.00 (felles for Bjoa, Ølensvåg og Ølen)
- Fyll ut og ta med vedlagte innmeldingsskjema
- Dersom du er døypt i eit anna kyrkjesamfunn enn Den Norske Kyrkja kan du ta med kopi av dåpsattest eller sende denne til oss seinare.

Informasjon om opplegg og grupper

Konfirmasjonsdatoane våren 2026:

Ølen: laurdag 25.april og søndag 26.april

Bjoa: laurdag 2.mai

Totalt skal konfirmantåret ha ca 60 timar med undervisning og andre typar samlingar. Under ser du utkast til timefordeling (OBS – endringar kan skje – me er ikkje heilt i boks med planlegginga enno..)

Lokale samlingar (Inkluderer m.a. undervisningssamlingar, 8 gudstenester, fasteaksjon, konfirmantfest)	30-32 timar
Grupper Me prøver å få til desse: * Kjekk og grei * Friluft * Film * Ungdomsklubb * Kunst * Dans og drama * Samlingar saman med konfirmantane på Vågen bedehus (Me veit ikkje heilt enno kva me kan tilby – meir info og val av grupper ved oppstart i august)	8-10 timar
Leir-laurdag på Brandøy saman med alle Vindafjordkonfirmantane 30.august 2025	8-10 timar
Konfirmantfestival i Norheim kyrkje laur 7/2 el søn 8/2 2026 (Konfirmantar frå Haugalandet og Sunnhordland)	6-8 timar
Show med mening «Sunt og sant?» med illusjonist og tryllekunstnar Ruben Gazki, felles Vindafjord og Etne (dato ikkje klar)	2,5 timar
Pris: <u>ca kr.1300 -1400</u> (blir bestemt i løpet av juni når me får oversikt over utgiftene)	Det er mogeleg å søkja fritak/reduisert eigenbetaling for konfirmantavgifta, sjå eigen artikkel på nettsida www.vindafjord.kyrkjer.no

OBS: me bruker appen SPOND for informasjon og kommunikasjon gjennom konfirmantåret. Spør gjerne om å bli medlem av gruppa allereie no: gruppekode **CKELG**

Lurer du på noko så ta kontakt.


Med helsing og vel møtt til konfirmantundervisning!

Britt G. Karstensen

Kateket

tlf. 53 65 65 42/452 21 580

e-post: britt.karstensen@vindafjord.kommune.no



Åse Selsvold startar som prest i Ølen og Bjoa 1.august.

Ho blir hovudansvarleg for konfirmantarbeidet og kan nåast på tlf. 45605184 eller i Spond etter denne dato.